



**Når Uskedal Båtlag gjer opp statusen kan dei melde om ein god båtsesong trass i alt.**

**Det starta heller svakt, men tok seg opp etter kvart - mens det motsette var tilfelle i fjor.**

**Ved utgangen av august har dei registrert 1020 båtbesøk og det er 92 færre enn i fjor.**

**Truleg har det vore ein nedgang i alle båthamnar.**

- Men det er slett ikkje slutt på sesongen, det er båtar innom her kvar dag, seier leiar Rolf Myklebust.

Det blir bekrefta av ein rask visitt i hamna ved høgstdagsleite i dag, for der er ein tysk/austerriksk siglar i ferd med å leggja frå Sandakaien etter tanking.

Båten kjem frå Hamburg og skal vidare innover fjorden. Den har 8 ombord. Dei kjem frå Linz i Austerrike og frå fleire kantar av Tyskland og passasjerane hevdar at dette er den fineaste tida å sigla på i Noreg. Og veret no om dagen kan tyda på at dei har rett!

(Foto: Ola Matti Mathisen)

